30.12.2022

ALVER
KOMMUNE

Even Askeland
Mykingvegen 160
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: ec1caf67-202c-4518-919b-e1f475e9c5dc | Ketil Mikkelsen | 07.04.2021 |
| Vår: 21/2579 - 21/22811 | ketil.mikkelsen@alver.kommune.no | |

# Tillating til avkjørsel frå kommunal veg - gbnr 213_55

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Søknad om avkøyringsløyve |
| Byggjestad: | Gbnr. 213/55 – Nedre Eikanger |
| Tiltakshavar: | Even Askeland |
| Ansvarleg søkjar: | Even Askeland |

Saka gjeld søknad om avkjørsel til kommunal veg.

**Saksutgreiing:**
Informasjon om saka:
Det er søkt om endra/utvida bruk for gbnr 213/55. Insendte skisser viser at eigedom 213/55 er tenkt delt i to einingar med felles avkjørsel. Evt deling av eigedom må gjerast gjennom eigen delingssak. Avkjørsel mot næraste kommunale veg, vert ved kommunal snuhammer i enden av kv1163 – Nedre Eikanger. Eigedom 213/55 har tilkomst til kommunal veg via privat veg og eigedom.

Vurdering/drøfting:
Avkjørsle ligg i enden av kv1163 – Nedre Eikanger. Forholda rundt snuhammar virkar noko uryddig, med 3 private vegar som kjem inn i snuhammaren. Fartsgrense på staden er sett til 50 km/t, men då dette er heilt i enden av den kommunale vegen, så er det lite truleg at det er særleg stor fart i området.

Søknad/løyve gjeld avkøyring mot den kommunale vegen, og seier ikkje noko om vegrett over privat grunn. Vegrett eller annan avtale, er ikkje lagt ved søknaden. Kommunen ligg til grunn at dette eksisterer.

Samandrag/konklusjon:
Avkøyringsløyve til kommunal veg kan gis for gbnr 213/55 i samsvar med situasjonplan sendt inn.

**Vedtak:**
Alver kommune gjev løyve til søknad om oppretting av avkøyrsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Bortfall av løyve**
Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen<br>Avdelingsleiar | Ketil Mikkelsen<br>Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Plan og byggesak | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Even Askeland | Mykingvegen 160 | 5913 | EIKANGERVÅG |